



Menighetsbladet



Tustna



Aure




Stemshaug

Nr 4 2020 45. årgang

*Den store stjerna for fyrste gong
bar bod om ein frelsar.*

*Fattig og rik går fram og helsar
eit nufødd barn med song.*





Andakten

av Ingeborg Midtømme, Biskop

«Du skal få en dag i mårå som rein og ubrukt står med blanke ark og farjestifter tel», er en av de gode sangene jeg husker Alf Prøysen sang i radioen da jeg var barn. Husker du den? Det er bare å nynne litt – høyt eller inni deg – det gjør jeg ofte.

Grunnen til at jeg trekker fram den sangen nå, er at den setter ord på den opplevelsen jeg hadde i november da jeg ble syk og følte at jeg sviktet. Takk for at jeg fikk en ny mulighet til å komme for å se til dere, for å komme på visitas to måneder etter den tiden vi hadde planlagt og sett fram til.

For meg har dette blitt et bilde på selve livet. Vi drømmer, lengter og legger planer. Ikke alt blir som vi hadde håpet. Noen skuffelser er tyngre å bære enn andre. Noen kan slå oss helt ut, så vi ikke ser hvordan vi skal klare å gå videre.

«Du skal få en dag i mårå» er også et bilde på livet med Gud. En annen måte å beskrive begrepet «nåde» på. Guds tilgivende kjærlighet som gir oss rom og rommer alt i vårt liv.

Gud tar imot oss med en åpen favn når



livet butter. Han ser oss også når tårene presser på og vi mest av alt har lyst til å gjemme oss for andres blikk. Han elsker oss uansett og ønsker oss alltid inn i fellesskapet med seg. Han vil reise oss opp, gå sammen med oss og gi oss nytt mot. Løftet fra Jesus ble gitt oss i dåpen: «Og se, jeg er med dere alle dager inntil verdens ende.»

Ei annleis jul

Året 2020 har blitt heilt annleis enn det vi er vande med. Også innafor kyrkja. Med smittevernreglar, nedstenging av kyrkjene, slik at vi ikke kunne ha gudstenester. Berre gravferder med maks 10 personar til stades var lov i mars, på starten av pandemien. Dette var veldig trist på alle måtar.

Når det opna opp att for 200 personar kunne vi for såvidt arrangere både gudstenester og andre kyrjelege handlingar på vanleg vis, berre vi hadde kontroll på kven som var til stades.

No når vi nærmar oss jul, er det maksimalt

50 personar, utanom stab, som kan vere til stades i kyrkja.

Adventstida og julehøgtida blir derfor heilt annleis enn tidlegare år, med dei vanlege samlingane og gudstenestene. Likevel har vi fått til å arrangere 13 flotte samlingar for både barnehagar og skule no i adventstida.

I julehøgtida blir det ikke blir vanlege gudstenester i kommunen vår dette året, forutan **1. juledag i Aure kyrkje kl. 12.00.**
Her vil vi ha påmelding til
post@aurekyrkje.no eller tlf. 71646251.

Det vil bli teke opp tak av julegudstenesta på førehand og lagt ut på nettet julafstan kl. 15.00. Gå inn på www.aurekyrkje.no der



vil de finne ein link til gudstenesta. Elles vil Aure kommune legge ut eit program på si heimeside www.aure.kommune.no på julafstan der gudstenesta er ei del av sendinga.

Ønskjer alle ei god og fredfull jul
Kyrkjeverja

Bilete på framsida

Foto: Miriam F. Ingvaldsen.
Teksten er utdrag frå «Den store stjerna» skrive av Trygve Hoff

Testamentarisk gave

I testamentet etter Margot Rise er det oppført ei pengegave til Aure kyrkje. Gåva skal gå til utvendig måling og vedlikehald av kyrkja.

Vi er svært takksame for gåva.

*Aure kyrkje
v/kyrkjeverja*


Universell inngang

Kyrkjekontoret i Aure har alltid vore lokalisert i den gamle prestegarden. Dette er ei bygning frå 1830 talet, og er ikke i utgangspunktet tilpassa universell inngang. Dette har vore ein stor mangel, og vi har jobba med fleire alternativ for å få dette på plass. Sidan bygget også er freda, har det vore ei utfordring å få dette til utan for store inngrep i bygninga.

Vi har no teke tak i dette og ordna universell inngang på oppsida av bygget. Denne ligg på bakkeplan.

Kommunen har investert i rømper til dørstokkar. Vidare er det avdekka ein hellegang på utsida, slik at tilkomst med rullestol er enklare. No har alle tilgang til kyrkjekontoret. Velkommen innom.

Kyrkjeverja



Min julesang

Jeg har alltid vært glad i jul og alt det den innebærer. Det var, og er, en god blanding av religion, tradisjon, spenning (i alle fall i barndommen), koselig samvær med familie og tid til å roe ned litt noen dager. Sang og musikk med «juleinnhold» har for meg vært en viktig del av dette. I barndommen satte imidlertid mor foten ned for å begynne å spille julemusikk før 1. desember, tror nok ho ble litt lei av at vi spilte de samme LP-platene om og om igjen. Som lita jente var jeg veldig glad i «Jeg er så glad hver julekveld», den syntes jeg innehold alt som var viktig i jul. Det er imidlertid ikke denne sangen jeg har valgt ut nå. Det var forresten ikke veldig enkelt å bare velge en. Jeg har derfor plukka ut to forskjellige sanger, den ene er «gammel», og den synges ofte i kirka, ikke bare i jul, men også ved andre anledninger. Den andre derimot er relativ «fersk» i salmeboka. Første sang er «Deilig er jorden». Dette er egentlig en gammel tysk folkemelodi. Den har for det første en utrolig vakker melodi, og teksten gir meg høgtidsfølelse og får meg til å rette ryggen og løfte blikket! Høg gásehudfaktor på denne sangen! Den setter vår tilstede værelse på jorden i et perspektiv, synes jeg. Lille jeg er en del av noe langt større, det har vært mange før oss, og det kommer andre etter oss. Jeg ser alltid for meg ei stjerneklar natt ute på markene ved Betlehem når vi syner denne sangen. Når Tustna skolemusikk spiller denne som siste sang på julegudstjenesten i Gullstein kirke, ja da er det jul!



Den andre sangen jeg er veldig glad i, er «Julekveldsvise» av Alf Prøysen. Den rommer også en dypere mening, sjøl om den innleder med juleforberedelser som skjedde rundt om i de norske hjem, aktiviteter som de fleste kunne relatere seg til da sangen kom ut i 1951. Ja, kanskje ikke så mye nå lenger, vedbæring og oppsetting av fugleband er vel ingen vanlig aktivitet rundt om i de mer urbane strøk. På Tustna bærer mange fortsatt inn ved til jul, og mange setter også opp fugleband! De fleste vasker vel til og med golva til jul! Kjente og koselige forberedelser til jul som skaper forventning og glede. Omsorg for barna og tid til å fortelle «julefortellinga» om Julestjerna og det som skjedde i Betlehem for lenge, lenge siden, gir oss «meninga med jul», synes jeg - ta vare på hverandre og kjenne til vår religiøse og kulturelle historie. En god kombinasjon av det nære og kjente og den fortellinga fra Bibelen som er best kjent for de fleste. Dessuten blir en i veldig godt humør av å synge, ikke så farlig om en ikke husker hele teksten ...

Nå fikk jeg jammen julestemning! Riktig god jul til alle!

Gunn Randi Fossland
Nordheim på Tustna

Deilig er jorden

Tekst: B. S. Ingemann



Deilig er jorden,
prektig er Guds himmel.
Skjønn er sjelenes pilgrimsgang!
Gjennom de fagre
riker på jorden
Går vi til paradis med sang!

Tider skal komme,
tider skal henrulle,
slekt skal følge slekters gang.
Aldri forstummer
tonen fra himmelen
i sjelens glade pilgrimssang.

Englene sang den
først for markens hyrder,
skjønt fra sjel til sjel det lød:
Fred over jorden,
menneske, fryd deg!
Oss er en evig frelser født!

Julekveldsvisa

Tekst: Alf Prøysen

Nå har vi vaske golvet, og vi har børi ved,
og vi har sett opp fuggelband og vi har pynte tre'.
Nå sett vi øss og hvile og puste på ei stund,
imens je rugge vogga, så bror din får en blund.

Dra krakken bortått glaset, så sett vi øss og ser,
og prøve finne leia der julestjerna er,
den blankeste ta alle, hu er så klar og stor
- du ser a over taket der a Jordmor-Matja bor.

Hu er så snill den stjerna, hu blonke', kan du sjå?
- og nå ska je fortælja, og du ska høre på
Den fyste gong hu skinte, så laga hu ei bru
imilla seg og himmel'n og ei krubbe og ei ku.

I krubba låg en liten gutt så fresk og rein og go,
og mor hass dreiv og stelte'n og far hass sto og lo,
og gjetergutta der omkring dom kute tel og frå
og bar med seg små lam-onger som gutten sku' få sjå.

Og tel og med tre vise menn – dom rei i flere da'r,
og ingen visste vegen og itte 'hen det bar,
men stjerna sto og blonke på himmelhvelven blå
så ingen ta dom gikk bort seg og alle tre fekk sjå.

Ja, det var fyste gongen som julestjerna brann,
men sea har a brønni i alle verdens land,
og såmmå å som hende er stjerna like stor
- du ser a over taket der a Jordmor-Matja bor.

Hilsen fra konfirmant- og trosopplæreren

Vi har hatt en noe spesiell senhøst, der mye er blitt avlyst og noe har vi endret (pga. korona selvsagt). Konfirmantenes lysmesse ble avlyst og ble erstattet med en runde til med undervisningstimer. De fikk julemiddag da, for å gjøre juleavslutningen litt spesiell. Vi har delt ut 4-årsbok. I Gullstein ble det gjort i kirken, mens Aure og Stemshaug ble samlet torsdag 3. desember i Aure kyrkje. Til sammen 15 fireåringer fikk bok. Vi arrangerte hobbykvelder på Aure misjonshus 11. november og 25. november. (Det var planlagt på Leira også, men der var ingen påmeldte). Vi malte adventslysestaker, spiste sjokoladerisboller og fikk høre juleevangeliet. Det var til sammen 20 i alderen 5-12 år tilstede.

Det blir barnehage- og skolegudstjenester i år også. Vi deler klassene opp i flere grupper slik at det blir færre tilstede på hver samling. Barnehagen i Aure sentrum var her i dag (8. desember), se bildet. Babysang har blitt arrangert som vanlig, og siste samling før jul er torsdag 10.12.

*Hilsen Stig Ottar Jensen
Foto: Stig Ottar Jensen*



Hei!

Frå 17. november har eg vore å finne på kyrkjekontoret som kontorsekretær. Her trivst eg veldig godt, og skal vere her om lag to dagar i veka. Eg skal mellom anna ha ansvar for dåps -og vigselspapir og diverse andre kontoroppgåver.

Eg har fagbrev i butikkfag og har tidlegare jobba i butikk. No gler eg meg til å ta fatt på nye oppgåver.

Eg har vakse opp i Mjosundet, men bur no i Foldfjorden saman med sonen min Bjørnar, som er 5 år.

Etter 7 år utabygdes var det godt å koma heim til heimbygda.
Gler meg!

Helsing Dordi



PROGRAM BISPEVISITAS 12.01-14.01 og 17.01.2021

Som kjent vart bispevisitasen som skulle gjennomførast i vike 45 (3-8 november) utsett på grunn av sjukdom. Det vart straks fastsett nye datoar, og nytt program vart revidert.

På grunn av smittevernreglar må vi ha påmelding til alle arrangement til post@aurekyrkje.no eller tlf: 71646251

Vi gler oss til biskopen kjem på besøk i januar



Tydsdag 12.01

- KL. 09.45 Morganbøn/liturgisk samling. Staben og dei tilreisande.
Gullstein kirke.
KL. 11.00 Møte med staben (medrekna SR/FR-leiarane). Raudstua.
13.30 Bedriftsbesøk: Køyrer til Brekka utsiktspunkt.
Gardsbesøk hos Kari og Arve Goa.
KL. 18.00-20.30 Fagmøte på Aure Misjonshus.
Fellesråd, sokneråd, medliturgar, trusopplæringsutval, gudstenesteutval, diakoniutval, konfirmantutval, kyrkjemusikalsk utval møter. Underhaldning.

Onsdag 13.01

- KL. 10.00-12.00: Møte med kommunen.
KL. 15.00 Konfirmantundervisning på Raudstua.
KL. 18.00: Kveldsgudsteneste Stemshaug kyrkje.
KL. 20.00: 21.30 Møte med frivillige medarbeidarar og organisasjonar på Aure Misjonshus.

Torsdag 14.01

- KL. 10.00: Tilsynssamtale med vigsla tilsette.
KL. 14.45-15.45 Møte med lærarane i Kultursalen.
KL. 16.00-18.00 Eldres Hyggestund på Aure misjonshus.

Søndag 17.01

- KL. 11.00: Visitasgudsteneste Aure kyrkje.
KL. 13.00 Visitasmøte Aure Misjonshus. Matservering, foredrag, helsingar, underhaldning.

Kyrkjeverja

Dei store trea ved Aure kyrkje er borte

Kyrkjeverja har i lang tid fått antydingar om at trea ved Aure kyrkje var blitt så store at ein ikkje såg kyrkja lenger. Vidare har vi vore engstelege for kva som ville skje om eit av trea velta innover mot kyrkjebygget, eller over gravminna som sto i nærleiken. Trea var over 20 meter høge, og stammen på trea hadde delt seg i to, og fått fleire svake punkt. Dette har blitt verre de tyngre greinene har vorte.



Dersom dei skulle velte, eller greiner falle av, ville dette gjere stor skade på kyrkja. På kyrkja er det også verdifulle glasmåleri, der eit av desse er montert på nordre vegg i koret på kyrkja. Vidare ville det også gått utover gamle gravminne som står på gravplassen rundt kyrkja om trea skulle velte.

Vi har hatt ein prosess på dette, og fellesrådet gjorde vedtak om å felle trea hausten 2020.

Kommunen løydde eit tilskott på kr 50.000,- som ser ut til å halde til dette formålet.

Å felle tre som har så mange fareelement rundt seg, er ikkje berre enkelt. Løysinga var å leige ein klatrar som felte trea i 1-2 meters lengder ovanifrå, og med hjelp av eige personell fekk vi fira dei kontrollert ned på bakken. Vidare fekk vi leigd ein stubb fresar for å få fjerna dei store stubbane som vart att.

Vi har ein del oppryddingsarbeid som vil på gå fram mot jul

Vi er godt fornøgde med resultatet.

Tekst og foto: Kyrkjeverja



Jul i Tunisia

Jeg bor for tiden i Tunisia, nærmere bestemt sørøst i landet på ei øy som heter Djerba. Her på øya er det en god del fastboende europeere, men jeg er den eneste fra Norge som bor her fast.

På Djerba er det både muslimer, kristne og jøder. Den jødiske synagogen El-Ghriba er mer enn 2000 år gammel. Det er ingen kirker i bruk på Djerba i dag, men det er snakk om å pusse opp en katolsk kirke i den største byen her på øya.

Julen her på Djerba er veldig annerledes enn i Norge. Muslimer feirer ikke jul, men det er julefeiring på hotellene, og de europeerne som bor her, feirer jul. Butikker, kjøpesentre og restauranter osv. pynter også til jul, men det er ikke helt som i Norge. Noen muslimske familier har også begynt med en slags julefeiring, men i en helt annen skala enn vi er vant med i Norge. Folk her har ikke samme overfloden som i Norge, og mange er fattige.

Min jul består i å pynte med juletre og litt julepynt i huset, og håpe at pakken med pinnekjøtt fra Norge rekker frem før jul. Det gjør den ikke alltid, og da blir det alternativ julemat. Jeg må innrømme jeg savner norsk mat veldig. Å få tilsendt noe fra Norge er noe jeg blir veldig glad for, siden det er mye man ikke får tak i her i Tunisia. Til tider mangler det varer i butikkene også, og utvalget er generelt dårlig, selv om de importerer endel fransk mat.

I år er det den fjerde julen jeg feirer på Djerba, og savnet etter familien er stort. Spesielt barnebarnet mitt Einar, som jeg får sett alt for sjeldent.





Siden jeg har et shelter for hjemløse hunder her på Djerba, så går tiden med til å sørge for dem og å prøve å skaffe penger til mat og veterinærutgifter for dem. Da blir det ikke så mye tid til å bake og lage ting til jul, men butikkene her selger masse kaker og småbrød i mange varianter. Flere av dem er veldig like de vi bruker i Norge, selv om de er langt søtere. Folk her er svært glade i søte kaker.

Julekvelden består av å stelle med hundene det meste av dagen, lage julemiddagen og spise sammen med samboeren min. Han synes også det er hyggelig med norsk jul, og så er han utrolig glad i pinnekjøtt. Kvelden går med til å åpne gaver og slappe av, og håpe det ikke kommer en telefon om en hund som trenger hjelp eller lignende. Jeg savner ikke julesnø og kulde, men synes det er helt greit å ha en jul bland palmer i nærmere 20 varmegrader, som forøvrig føles veldig kaldt. På natta kan det bli ned i 10 grader. Tro meg, å bo i murhusene her da, føles utrolig kaldt.

Jeg er egentlig ikke noe utpreget julemenneske og syns det er helt greit å slippe så mye styr som det vi driver med i Norge. Sett herfra blir det nesten litt absurd å se hvor mye tid og penger folk legger i juleforberedelser. For meg er det viktigste med jula å vise omsorg for de som ikke har



så mye, og jeg har startet min egen lille juletradisjon her. Jeg kjøper inn godterier, og lager pakker/poser som jeg deler ut til ungene i nabologatet. På turen rundt tar jeg med en av hundene som også er nisse, og ungene syns dette er stor stas. Det hender jeg gjør det samme på noen av muslimenes høytider også. Mange har ikke penger til overs til noe, og langt mindre til godterier for barna. Å se gleden i øynene på 50 barn er bare ubeskrivelig, og jeg håper at



alle tenker litt på dem som ikke har noe til overs i jula. Det skal så lite til å glede noen.

Resten av jula blir veldig annerledes enn i Norge. Med nærmere 80 hunder å ta vare på og skaffe penger til, så blir det ikke tid til så mye annet.


Jeg håper at neste år blir det mulig å være i Norge og feire jul sammen med familien min, og treffen igjen venner og kjente som jeg har alt for lite tid til å holde skikkelig kontakt med.

Jeg vil ønske alle hjemme i Norge en riktig god jul!

Hilsen Tove Thevik

Julehelsing frå California

«I'm Dreaming of a White Christmas...» Her er ei lita julehelsing frå ein utflytta aurgjelding! Eg sit og skriv i Roseville, utanfor California sin hovudstad, Sacramento, mest kjend som gullgravar-sentrums på 1800-talet. Her er det nok av tidleg pynta juletre og opplyste hus i kjend amerikansk stil. Snø får vi nok aldri, det går meir i palmar, men med lefsebaking, gløgg, heimlaga fleskesylte og litt julepynt frå Skarsøya, blir det nokså fin julestemning! Grunna pandemien, blir det dessverre ingen tur til Aure, med familie- og nabobesøk og flotte juletrefester. Det er nok mange av oss som må sjå fram til ei litt annleis høgtid.




Her har vi spela inn juleaftan-gudsteneste på video, sidan det ikkje er lov å samle kyrkjelyden grunna smittefare. Eg har glede av å vera organist i Good Shepherd Lutheran Church, med prest av svenske aner og mange kjende og kjære advents- og jule-

tonar på repertoaret. Det blir likevel ikkje same stemninga som eg hugsar frå førjuls-konsertar i fullsette Aurekyrkja, med kor, korps og orgelmusikk! Ein må bli vand til livet der ein ender opp, sjølvsgatt, men det er noko spesielt fint med minna frå Aure! Eg kan sjå for meg småkakebordet, det flotte juletreet og smilande naboor på julefest i Skarsgrenda. Eg kjenner mest lukta av kaffen óg. Det er flott med positive tradisjonar som blir halde ved like.

Her i Sacramento er det vanlegvis stor-slagne julekonsertar, med storkor og orkester, på denne tida, men i år er det stille. Folk må nøye seg med opptak frå tidlegare år og digital kommunikasjon med vene og familie. Eg har glede av Skype-samtalar med familien i Noreg på fridagar. Elles arbeider eg fulltid i akuttbehandling ved regionsjukehuset i Sacramento, der Covid-19 sørger for fulle hus og gir lite tid til julestemning. Send ein takk til trufaste helsearbeidar i Aure, som held hjula i gang i krevjande dagar! Ta vare på kvarandre, spesielt i denne uvanlege tida, og sprejuleglede der de kan! God jul og signa nyttår!



Helsing Lars Gjerde, Roseville, California
Stolt Skarsgrending, organist og akutt-sjukepleiar



Kaffipraten med Jøran Ulfsnes-Skar

Grøne fingrar og sansen for det gamle

Tekst og bilde: Miriam I. Ingvaldsen

Det er ein fin og klår desemberdag på Vihals, men den kalde snoa – som stundom går gjennom marg og bein – han er der. Om det er kald vind ute, er det lunt og varmt inne på Flora idé og hagesenter, i kjellaretasjen på Vihals grendehus. Det er her Jøran Ulfsnes-Skar held til. Han er gartner og blomsterdekoratør av rang, og mellom alle blomstrane bognar også butikken hans av små og store interiørartiklar, her er det alltid noko nytt å finne. I ei årrekke har Jøran levert blomstrar og vekstar til kyrkjene i Aure, og er ein viktig samarbeidspartner. Og sjølv om vi er midt i dei travlaste førjulsdagane, har han tid til ein prat over ein kopp kaffi og ei julekake.

Oppveksten

Jøran kom til verda ein vårdag i 1971, og vaks opp på eit gardsbruk på Ulfsnes som minstegut med fire eldre sysken – Anders, Ingveig, Ann-Mari og Jon Olav – mor og far, og med bestemor i kårenden.

- Ikkje berre var eg yngst, men i tillegg litt attpåklaft også, så eg var sikkert litt bortskjempt, ler Jøran.

- Det var ei fin tid. Vi ungane var mykje ute og leika, det var ikkje plass til å leike innomhus, så då var det jo å vere ute året rundt. Og så hadde vi andre ungar i nærleiken å leike med. Eg hadde ein god oppvekst.

For Jøran er det særskilt bestemora, Anna Marie, som har hatt ei viktig rolle for han heile oppveksten. Ei han hang med støtt og stadig, og gjekk i hælane på. Det var fint å vere med bestemor.

- Og det er nok frå henne eg har fått blomster-interessa. Ho var så flink til å stelle i hagen med alle slags vekstar, og eg fekk vere med. Eg grov i jorda, slo gras, heldt på med ljå og hesja.

Allereie som åtte-ni-åring fekk Jøran sitt eige drivhus i plast, det var skikkeleg stor stas å kunne dyrke sjølv. Men heile drivhuset forsvann i ein storm den påfølgjande



vinteren, og sorga var stor. Ikkje lenge etter fekk han eit nytt drivhus, i glas, og det stod støtt og fekk stå i mange år. Som 12-åring dyrka Jøran fram blomstrar og vekstar i drivhuset som han gav til familien, og allereie den gongen var han kramkar og dyrka også litt for sal.

- Eg hadde ein sykkel som eg fekk montert ei kasse på slik at eg kunne sykle rundt med blomstrar slik at andre kunne kjøpe. Eg hugsar særskilt ein gong då eg sykla forbi huset til Kari Bakkå, dotter hennar Tone var heime og stoppa meg og ville kjøpe alle blomane eg hadde. Eg syntest eigentleg det var i velast laget. Eg var jo ikkje storgrossist, så då var eg rett og slett tom for blomstrar, smilar Jøran.

Ungdomsåra og veggen vidare

Etter ungdomsskulen var det på tide å stake ut veggen vidare for framtida, og Jøran søkte seg inn på linja handel og kontor på Aure vidaregåande skule. Men, det var eigentleg ikkje aktuelt å gå den linja, fann Jøran raskt ut, og blei derfor verande heime på garden eit halvt år i staden.

- Når halvåret hadde gått sa far min at no måtte eg finne på noko anna enn å vere heime, og sånn vart det. Eg fekk praksisplass på Fossen gartneri på Frei, og det var

heilt riktig for meg, fortel Jøran.

Den påfølgjande hausten kom Jøran inn på Statens Gartnerskole Staup i Levanger, som ein av dei yngste på kullet. Dei neste åra veksla Jøran på å jobbe ved Fossen gartneri og å ta utdanning i Levanger, først grunnkurs og vidare linja planteproduksjon. I tillegg tok han eitt år med blomsterdekoratørutdanning i Trondheim.

- Til slutt blei eg verande i Kristiansund fram til eg sa opp jobben, flytta heim til kårenden på garden og byrja å sette i stand det vesle rommet eg hadde fått til rådigheit her i kjellaren på grendehuset, målet var å få til blomsterbutikk. Dette var i 1998. Når eg tenker tilbake på det, så var det heile rein galskap, eigentleg, men eg var heldig som fekk leige lokale til ein åreit pris, av grendehuslaget. Butikken opna fredag 13. november, og eg tenkte at eg kunne skulde på ulukkesdatoen dersom det ikkje skulle gå bra.

Butikkigar og julefjøskar

Men, det gjekk. Og Vihals – ein av dei eldste handelstadane i Aure – blei ei grens som kunne skilte med matbutikk, Jørans blomsterbutikk med gaveavdeling, samt eigen frisør. Med åra har Jøran fått utvida butikken til tre rom, og fått med seg Hilde





Sæter på laget.

- Hilde er dyktig, og eg er glad for at ho er her i butikken med meg!

Etter nokre år drog Jørán og ungdomslaget i gong med litt kaffi og vaflar på larudagar i det store rommet i kjellaretasjen, rett ved sidan av blomsterbutikken. Åra gjekk, og no er det ein veletablert laurdagskafé, drive av ungdomslaget, ein koseleg møteplass både for dei fastbuande og for hyttefolket. Fleire av kaféfestane er blitt som fast inventar å rekne kvar einaste veke.

Etter nokre månader på kåret på heimgard-



en flytta Jørán inn i leilegheita over matbutikken på Vihals og trudde at der skulle han vere ei tid. Men så, i 1999, døydde Ole M. Skar, syskenbarnet til mor til Jørán. Ein gamal ungkar utan barn, oppteken av gamle saker og ting, og som visste at Jørán også var det. Han testamenterte småbruket sitt til Jørán, som ligg eit lite steinkast unna gamalskulen ute på Skar.

- Og sidan då har eg budd der, og brukt ledig tid til å sette i stand og ordne, det er jo mykje arbeid med gamle hus så hobbyar ut over det har eg eigentleg ikkje (her skal det nemnast at Jørán har spela tuba i Skar skulekorps i 30 år, vore i styret i Ungdomslaget på Vihals i 30 år og dessutan med i Historielaget – så litt anna har han likevel fått tid til).

- Men Ole var ein ryddig kar, han hadde ikkje samla opp mykje rot og skrot som låg at i fjøs og hus, og han var flink til å ta vare på saker og ting, fortel Jørán.

Og det viser seg at Jørán også verkeleg har auge for sjarmerande detaljar og gammal innreiing. (og no skal ikkje underteikna skrive seg bort om det, for det kunne lett ha skjedd). Men det skal nemnast at om ein besøker finstova i våningshuset til Jørán kan ein kjenne eit drag av ei stasstove frå fordums dagar, med ein riktig rojalistisk tøtsj på veggane. På spørsmål om han er ein monarkist, ler Jørán og seier at joda, han er sikkert det. I 2016 var han dessutan Aure kommunes utvalde til å vere med på å feire kongeparets 25-års-jubileum som regentar med ein flott hagefest i Dronningparken i Oslo.

- Eg var skrubbsvolen, og kanapéane var bittebittemå, minnest Jørán og smilar. - Men det var riktig stas å få vere der. Dei siste ti-femten åra har Jørán – i tillegg til å drive Flora idé- og hagesenter på

Vihals – hatt julefjøs på småbruket sitt kvar sundag i adventstida. Her kan ein kome for å kjøpe julegåver, julepynt og fuglenek, eller berre ta seg ein kaffikopp og eit kakestykke der grisane og hønene i gamle dagar heldt hus. Og det er mange som tek turen. Det er ikkje tvil om at Jørán er ein driftig kar som veit å få til det han vil.

- Men så har eg hatt gode hjelparar med meg også, seier Jørán.



For *Menighetsbladet* har Jørán sjølv vore ein god hjelpar denne hausten.

Økonomien til bladet er stramt, og då Jørán fekk nyss om dette, tenkte han at det er mange som gjerne vil sjå at bladet overlever, og han starta ein vippaksjon på Facebook der han oppmoda fjern og nær om å gi økonomisk støtte til bladet. I dei påfølgjande vekene kom det inn nærmare 35 000,- til *Menighetsbladet* via Vipps. Som blomsterhandlar har Jørán jobba tett med kyrkja med blomsterleveransar både til gravferder, og til høgtid og fest.

- For min del er det også informativt at *Menighetsbladet* kjem ut, då får eg oversikt over til dømes når konfirmasjonane skal vere – for då må eg rekne med at det blir ein del blomsterbestillingar.

I fleire år jobba Jørán som gravferdsagent også, gjennom eit slikt yrke får ein sjå at kyrkja er ein viktig stad gjennom eit menneskes liv.

- Eg minnast så godt at bestemor og eg kvar jul gjekk opp på haugen ved garden vår og lytta til kyrkjeklokken som ringte jula inn. Om vinden kom frå rett retning, kunne vi høre dei heilt frå Aure og til Ulfsnes. Det er eit veldig fint minne. Jørán er glad i song og musikk, og då også julemusikk.

- Om eg må velje meg ein favorittsalme, så må det bli «Deilig er jorden».

Adventsgudstjeneste på Vihals

På Vihals har vi en tradisjon med adventsgudstjeneste på grendehuset 1. søndag i advent. I år ble dette søndag 29. november. En fin tradisjon som vi har hatt i mange år. Dette er en tradisjon der vi har gudstjeneste med tenning av første lys. I år var det vikarprest Tommy Stormo som ledet oss. Organist Alexey spilte til sangene. Vi var ca. 25 som møtte opp. Etter gudstjenesten var vi ute og tente julegrana. Så ble det servert kaffe og masse kaffebrodd. Det så ut som alle kosa seg. Vi skulle gjerne hatt fullt hus. Skal vi få fortsette med denne tradisjonen, håper vi at flere vil komme.

Adventstida er en ventetid der vi markerer forberedelsen til julehøytiden. En fin tradisjon som vi ønsker å beholde. En god jul ønskes dere alle. Så håper vi at året 2021 må bli et godt år for oss alle.

Brit Nilsen



*Så tenner vi et lys i kveld, vi tenner det for glede
Det står og skinner for seg selv og oss som er tilstede
Så tenner vi et lys i kveld, vi tenner det for glede*

Fra Adventsvers av Inger Hagerup.

Julemesse

Det vart julemesse på Aure misjonshus i år òg. Naturleg nok vart det ikkje som vanleg. Eit fint julemessemøte vart det likevel. Ivar Husby stilte opp med andakt på kort varsel, då Karen Andrine Flatø frå det Norske Misjonsselskap (NMS) vart verfast og ikkje kunne kome. Ikke kunne ein selje lodd på dørene eller ved butikkane heller. Med Vipps og betaling rett på konto vart det likevel selt mange lodd. Hovudlotteriet, samt loddosal på dagen gav eit fint resultat på 50.000 kroner til NMS sitt arbeid.

Foto: Johannes Finset.





Dåpsbarn:

Bilete øvst til venstre:
Dåpsbarn Linnea Mastad Oldervik døypt 9. august i Ayre kyrkje

Bilete øvst til høgre:
Bjørnar Lundø, døypt 18. oktober i Stemshaug kyrkje.

Bilete nedst til høgre:
Emil Sæther-Aarvåg, døypt i Stemshaug kyrkje den 22. november i Stemshaug kyrkje.



Elias Bekkos, døypt den 29. november i Aure kyrkje.

SJØSIDEN
FRISØR
Bente L.
Kristiansen Istad
Mjosundet
Telefon 479 55 426

H. Aukan
Regnskapskontor AS
Tlf 71 64 40 40 – 6698 Lesund
Økonomisk rådgivning –
Regnskapsføring
Skattespørsmål
VI HJELPER DEG!!

Vi arrangerer

- * Barnedåp
- * Konfirmasjon
- * Bryllaup
- * Bursdager
- * Minnesamvær
- * Catering



Tlf 716 46 238




Døgnvakt tlf.:
72 45 25 37
www.bertelsen-bgr.no



Gravmonumenter

Gratis montering m/garanti



Model 369

Vi utfører også

- Oppussing og navnetiføyer
- Vask/reining av monument
- Omstiling av stein
- Oppretting av stein/sokkel
- Montering av lykter/duer/vaser/bilder
- Montering av bedrammer
- Fjerning av gammel stein


Benkplater i stein

Spylling av hustak og husvegger

Kontakt:

Bertelsen Stein & Spylderservice
v/Ola Bertelsen - Tlf. 417 70 510

SMOLAHONNING.NO



Spis honning, min sønn,
for den er god.
flytende honning er
søt for ganen.

0890UK 2413

BESTILL I VÅR

NETTBUTIKK!

COOP
vikhals

Dagligvarer, bensin, diesel

6697 Vihals – Tlf 71 64 56 45

DIN LOKALE TUROPERATØR

Arrangør av bussturer innen- og utenlands

- SPA-turer til Estland
- Pensjonsturer
- Skoleturer
- Andre lag og foreninger
- Agent for Hurtigruten



6690 AURE
71 64 66 56 – 917 10 394 www.aure-reiseservice.no


BUNNPRIS

Aure
09 - 22 (20)
Tlf 71 64 62 70

Blomster og gaver i Aure!

- sesongens blomster og planter
- spennende gavebutikk
- busker, trær, stauder.

Vi bringer!



ÅPENT
ma-to 10-17
Fre 10-18
Lør 10-15

Velkommen til Vihals

Flora Idé AS

– Jørjan Ulfnes-Skar –
gartner og dekoratør
Tlf 716 46 500 – 926 81 668

BYGGtorget
BYGGVAREHUSET TENNHAUGEN AS

Har du byggeplaner?

Vi er forhandler av Husmenyen
og Hyttemenyen

Vi forhandler:

- Arbeidsklær og verneutstyr
- Hus, hytter og garasjer
- Kjøkken, bad og garderobe
- Lås og beslag
- Maling, tapet og gulvbelegg
- Parkett og laminat
- Trelast og byggevarer
- Verktøy og redskaper
- vinduer og dører

Gode tilbud på impregnertmaterialer.
Varebringning etter avtale.

Åpningstider:
Mandag - fredag: 07:00 - 17:00
Lørdag: 09:00 - 14:00

Adresse: Tennhaugen Industriområde,
6699 Kjørvikbugen
Telefon: 71 64 53 20 - Faks: 71 64 53 21
E-post: byggvarehuset@c2i.net

Skipnes Mek. Verksted AS

6697 Vihals
Tlf 71 64 56 41
Faks 71 64 56 67



Gruer seg til iskald vinter

For å halda på varmen, bur småbarnsfamilien i eit lite rom i teltet. Det var ikkje framtida dei såg for seg då dei flykta frå Syria for åtte år sidan.

Av: Anette Torjusen

Foto: João Sousa

Weedad Ahmad Al-Khalaf sit utanfor teltet til familien i den vesle landsbyen Mekseh i Bekaa-dalen i Libanon. Rett bak ragar fjella til heimlandet Syria, ei dagleg påminning om livet som var. Landet ho måtte flykta frå for åtte år sidan.

- Livet er veldig vanskeleg for oss, og vi bekymrar oss mykje for barna våre, seier ho stille.

Tre fødslar i flyktningeleiren

Før dei flykta til verutsatte Bekaa, med iskalde vintrar med mykje snø, budde ho i Um El Jurayn ikkje langt frå Aleppo i Syria. Krigen gjorde det farleg å bu der, så farleg at ho til slutt måtte flykta saman med ektemannen Mohammed Hassan Ibrahim og svigermora Serie i 2012. No deler dei skjebne med 70.000 andre syriske flyktningar i dalen.

Familien på tre har vorte til seks. Tre barn er fødde i flyktningeleiren. Eldstemann Yousef vart fødd for fem år sidan, deretter kom veslebror Aus, som er tre år, og til slutt veslejenta Talia på eitt år.

Alle barna våre har vakse opp her, fortel Mohammed. Noko som fyller både han og Weedad med stor sorg.

- Dagane deira går med til leik, fotball og spel. Bortsett frå det så er det ikkje så mykje for dei å gjera her. Ikkje har dei skule her heller, eg er redd barna våre må veksa opp som analfabetar.

Vinteren er lang og kald i dalen

- Kulda og store snømassar skaper problem for oss. Vi har ikkje råd til å dekka til teltet med isolerande vern, for det er så dyrt. Derfor blir det veldig kaldt for oss, fortel Mohammed.

For å halda seg varme, bur dei på eitt rom. - Der varmar vi opp, men i år er brensel ei mangelvare her i dalen. Prisane på brensel aukar, så det er vanskeleg å fyra, forklarer han.

Frå Kirkens Nødhjelp har dei fått tilgang til reint vatn og hygienepakkar.

- Vi har innlagt vatn her i teltet i tillegg til at vi får hygienepakkar. Vi har òg fått mykje informasjon om korleis vi kan ta vare på oss sjølv for å unngå sjukdom, seier Weedad.

Dei hadde fått både vatn og hygieneartiklar før covid-19, noko ho er veldig glad for.

- Det har vore så viktig for oss at vi har hatt tilgang til vatn og såpe. Det bruker vi jo heile tida, seier ho.

Behova er store for reint vatn og hygieneartiklar, samtidig som mange treng varme teppe som Kirkens Nødhjelp deler ut i Libanon.

Du kan vera med å hjelpe familiar i nød og gi dei tryggleik til jul. I Libanon kjempar folk mot covid-19 i tillegg til svolt, kulde og fattigdom. Eksplosjonen i Beirut har gjort fleire tusen heimlause og øydelagt mange liv. Saman kan vi gjera ein forskjell. Vi sørger for reint vatn og hygienepakkar til menneske på flukt, og hjelper dei som er ramma av eksplosjonen med varm mat



og husly. Samtidig jobbar vi på spreng for å forhindra spreiling av covid-19.

Slik gir du årets viktigaste julegåve

- Vipps eit valfritt beløp til 2426.
- Send GAVE på sms til 2426 og gi 250 kroner.
- Gåvekonto: 1594.22.87248

Kirkens Nødhjelp er norske forsamlingars eigen humanitære organisasjon, og har jobba i Libanon sidan 2013. Dei jobbar vi med vatn, sanitær, hygiene og kjønnssbasert vald. På grunn av krig i nabolandet Syria har Libanon sidan 2011 opplevd ei massetilstrøyming av flyktningar. Storleiken på flyktningpopulasjonen har ført til ei auke av befolkninga i landet på 25 prosent og eit enormt press på infrastruktur som vatn, fast avfall og elektrisitet, og dessutan tilgjengelege offentlege tenester, særleg i helse- og utdanningssektorane. Ifølgje Lebanon Crisis Response Plan (LCRP) 2019 manglar 3 208 800 tilgang på trygt vatn. Dette kan føra til alvorlege helserisikoar og eksponering for sjukdom, særleg under overbefolka leveforhold som enkle teltbusetjingar og husrom av dårlig kvalitet.





Livets gang

Aure kyrkje

Døpte:

29.11. Anton Trondal Voldsjø
29.11. Marit Glomstad Enaasen
29.11. Elias Bekkos

Døde:

05.09. Asbjørn Terje Heggdal (urne)
10.10. Margit Lisa Røv f. 1928
27.11. Konrad Lillehagen f. 1922
27.11. Jorunn Målfrid Olsen f. 1931

I førre blad vart eit namn feil under døde.
Vi beklagar dette veldig. Det skulle stått
29.06. Målfrid Bjøring f. 1936

Gullstein kirke

Døpte:

6.12. Martinus Fuglevåg Solheim

Døde:

16.10. August Todal f. 1930
30.10. Jarle Sørvik f. 1938
08.11. Ingvard Kristian Aaheim f. 1949
15.11. Gunnlaug Elisabeth Ersvik f. 1943
16.10. August Todal f. 1930
30.10. Jarle Sørvik f. 1938
08.11. Ingvard Kristian Aaheim f. 1949
15.11. Gunnlaug Elisabeth Ersvik f. 1943

Stemshaug kyrkje

Døpte:

18.10. Ole Håvard Sagdal
18.10. Bjørnar Lundø
18.10. Ole Ingulv Goa
22.10. Emil Sæther-Aarvåg

Døde:

16.11. Arvid John Ledal f. 1936

Vareminnesider.no – dødsannonser frå heile landet




Gravsted-tjenester



- Stell av graver • Pusser opp skrift i stein, • Gull (22 karat). • Sølv, hvitt og sort lakk.
- Vask av steiner og fundament, Vi fjerner mose og groe • Oppretting av skeivt gravminne.
- Vi selger og nye gravminner, samt inn hugging av nye navn. • Lys, lykter og bronse artikler.

Smøla, Aure, Hitra, Frøya og Heim - Tlf 91568305
gravstedtjenester@gravstedtjenester.no

TA KONTAKT MED JAN FRODE JOHNSEN PÅ 91568305
gravstedtjenester@gravstedtjenester.no



 **ØYVILT**
6694 Foldfjorden
TLF: 915 75 803
Vilt-Fisk-Fiskemat

Ring oss på
481 57 263 / 915 75 803
for en hyggelig prat.

Vi tilbyr catering til alle anledninger
 - Dåp
 - Konfirmasjon
 - Minnesamvær
 - Bryllup
 - Møtemat og lunsjer

Vi kan tilby en variasjon av retter; koldt bord, tapas, snitter, varmretter og desserter.

Aure, Stemshaug og Tustna sokn

Adresse:
Aursundsvegen 147
6690 Aure
post@aurekyrkje.no

Sokneprest:
Per Eilert Orten: 908 94 398

Kyrkjekontoret, Aure
Tlf: 71646251
Kontortid:
Ty-, to-, og fredag
kl 0900-1300
www.aurekyrkje.no

Telefonar:
Kyrkjeverje:
Judith Bjørk: 924 35 280
Organist:
Alexey Kurbanov: 924 30 113
Kyrkjetenar/
kyrkjegardsarbeidar, Aure
Kjell Arnold Fagerlie: 932 19 835
Kirketjener, Kirkegårdsarbeider Tustna
Roger Steen
468 62 240

Kyrkjelydsarbeidar:
Judy Rangnes 957 01 908
Sekretær/konfirmantlærar
Stig Ottar Jensen
414 77 533
Ansvarleg for trusopplæringa
Stig Ottar Jensen
414 77 533

Bladstyre:
Jan Ove Krutvik: 915 21 410
Asbjørn Barlaup: 482 37 889
Einar Ørbog, Miriam Finset Ingvoldsen,
Brit Nilsen, Ann-Mari Ulfnes,
Anne Marie Moltubakk og
Judith Susanne Bjørk

Menighetsbladet kontonr.
4068.30.04415

Trykk:
Orkla Grafiske AS
Tlf. 72 48 23 20
E-post:
ole-kristian@orklagrafiske.no
www.orklagrafiske.no



Gudstenester

*Med etterhald om endringar
– følg med i aviser og oppslag*

Dag i kyrkjeåret:	AURE	STEMSHAUG	TUSTNA
24. desember	Sjå digitalt opptak.	Sjå digitalt opptak.	Se digitalt opptak.
1. juledag 25. desember	Høgtidsgudsteneste kl. 12.00 <i>Påmelding. Sjå aurekyrkje.no</i>		
1. januar			Sør-Tustna kapell, eller Gullstein kirke kl. 16.00
10. januar			Høgmesse kl. 11.00
13. januar		Kveldsgudsteneste v/ biskop Midttømme kl. 18.00	
17. januar	Visitasgudteneste kl. 11.00 v/ biskop Midttømme		
24. januar		Høgmesse kl. 11.00	
7. februar			Høgmesse kl. 11.00
14. februar	Høgmesse kl. 11.00		
21. februar		Høgmesse kl. 11.00	
7. mars	Høgmesse kl. 11.00 Årsmøte		
14. mars			Høgmesse kl. 11.00 Årsmøte
21. mars		Høgmesse kl. 11.00 Årsmøte	
28. mars	Skihytta Solvang på Ertvågsøya kl. 12.00		
1. april Skjærtorsdag		Høgmesse kl. 19.00	
2. april langfredag	Pasjonsgudteneste kl. 11.00		Pasjonsgudstjeneste Sør-Tustna Kapell kl. 16.00
4. april 1. Påskedag	Høgtidsgudsteneste kl. 11.00		Høgtidsgudstjeneste kl. 16.00
2. Påskedag	Inga gudsteneste		

Gi gaver med Vipps

Aure sokn: 119778

Stemshaug sokn: 119784

Tustna sokn: 119785



Returadresse:
Menighetsblad
v/ Aure kyrkjecontor
Aursundvegen 147
6690 Aure



BARNAS SIDE

Finn 10 blomsternamn!

Inne i rutenettet er det gjemt 10 blomsternamn. Dei står frå venstre mot høgre, eller nedover. Finn du alle?



Fargelegg!

Vismennene knelte for Jesus, og ga han gull, røykelse og myrra.
(Teikning: Claudia Chiaravalotti)



Finn fem feil Vismennene knelte for Jesus, og ga han gull, røykelse og myrra. De to biletene er nesten like. Finner du dei fem feila på biletet under? (Teikning: Claudia Chiaravalotti)



Gje barnebladet
BARNAS til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement
på Sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00.

